


Planperiode:
2012 – 2016

Plan for selskapskontroll Vindafjord kommune

Vedtatt av kommunestyret 30.10.12, sak 72/12



*Haugaland Kontrollutvalgs-
sekretariat IKS*

Innhaldsliste

Innhaldsliste	2
Innleiing.....	3
Avgrensing – organisasjonsformer som fell heilt utanfor planen	3
Avgrensing – spesielle organisasjonsformer	4
Selskapskontrollens innhold og formål.....	4
Obligatorisk eigarskapskontroll	4
Kva som omfattast av eigarskapskontrollen	5
Formål med eigarskapskontrollen.....	5
Status for Vindafjord kommunes eigarskapsmedling/strategi.....	6
Utføring av eigarskapskontrollen/prioritering	6
Forvaltningsrevisjon i selskaper	6
Formål med forvaltningsrevisjon i selskap	7
Gjennomføring av forvaltningsrevisjon i selskap/prioriteringer	7
Alle selskap som fell inn under obligatorisk eigarskapskontroll	8
Selskap der det også kan gjennomførast frivillig forvaltningsrevisjon.....	9
Prosjekt for selskapskontroll i planperioden.....	10

VEDLEGG

Retningslinjer for selskapskontroll i Vindafjord kommune

Oversyn over selskap 2012 og Vindafjord kommune

Innleiing

Kommunane har i fleire år valt å bruka fristilte organisasjonsmodellar som selskap, stiftelsar ol, for å løysa ulike kommunale oppgåver. Utviklinga synes å fortsetta i retning av auka bruk av fristilte organisasjonsformer. Dette gjer at organiseringa av den kommunale verksemda blir meir kompleks og fragmentert, og inneberer nye utfordringar både når det gjeld styring, kontroll og tilsyn.

På bakgrunn av denne utviklinga har kommuneloven (KL) gitt kontrollutvalet ansvar for "å påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper mm"¹. Bestemmelsen må sjås i samanheng med bestemmelsen om kontrollutvalets og revisors innsynsrett i selskap som er heileigde av kommunar². Nærmore bestemmelser om korleis kontrollutvalet skal utøva dette ansvaret er omskrive i *kontrollutvalgsforskriften*³.

Det er kontrollutvalet som ifølge KL har ansvar for å sjå til at det vert gjennomført selskapskontrollar. I dette ligg det at kontrollutvalet har ansvar for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å bestilla dei selskapskontrollane som etter planen skal gjennomførast. Det er kommunestyret sjølv som vedtar planen. Planen gjeld for kommunestyreperioden 2011 – 2015, eller til ny plan ligg føre.

Det er viktig å vera merksam på at den obligatoriske og lovpålagte delen av selskapskontrollen er ein kontroll av kommunen og kommunens forvaltning av sine eigarinteresser, ikkje ein kontroll av selskapet. Kontroll av selskapet er eit frivillig høve i spesielle typar selskap, sjå nærmere i avsnittet "Forvaltningsrevisjon i selskap".

Avgrensing – organisasjonsformer som fell heilt utanfor planen

Enkelte selskapsformer er oppretta innafor kommunen, der kommunestyret sjølv er eigarorgan. I desse selskapa har kontrollutvalet **fullt innsyn** etter kommunelovens bestemmelser og kan derfor gjennomføra forvaltningsrevisjon på lik linje som for andre verksemder i kommunen. Desse organisasjonsformene må derfor tas med i plan for forvaltningsrevisjon.

Dette gjeld:

- kommunale føretak (KF)⁴,
- interkommunalt samarbeid, som ikkje er eigne rettssubjekt⁵ (IS),
- vertskommunesamarbeid⁶.

¹ Kommunelovens (KL) § 77 nr. 5.

² Innsynsretten er regulert i KL § 80, og omfatter Interkommunale selskaper (IKS) og aksjeselskaper som er helt ut eid av kommuner og fylkeskommuner. Det er for tiden et lovforslag under behandling der Interkommunale samarbeid etter KL § 27 og som er eigne rettssubjekter skal tas med i § 80. I selskaper som er deleid av kommuner og fylkeskommuner (dvs. med private eller statlige eierinteresser) kan innsynsrett avtales.

³ Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner av 15.06.04 har eget kapittel 6 som omhandler selskapskontroll.

⁴ Kommunale foretak er omhandlet i KL kapittel 11.

⁵ Interkommunalt samarbeid, som ikke er eigne rettssubjekt, er omhandlet i KL § 27

⁶ Vertskommunesamarbeid er omhandlet i KL § 28.

Avgrensing – spesielle organisasjonsformer

Interkommunale samarbeid etter KL § 27 som er eigne rettssubjekt, har fram til nå ikkje vore omfatta av kontrollutvalets innsyn etter § 80. Det er nå sendt lovforslag til Stortinget (Prop. 119L 2011/2012), der desse vert foreslått tatt inn i § 80. Det gir kontrollutvalet fullt innsyn gjennom forvaltningsrevisjon også i slike selskap. Oversikten over desse selskapa er tatt med i planen under føresetnad av at dette lovforslaget vert godkjent av Stortinget.

Stiftelsar er ein organisasjonsform som er sjølveigande, og har derfor formelt ikkje eigarar som kan ha direkte styring med stiftelsen. Heller ikkje stiftaren har rettslig sett slikt styringshøve. Eit vedtak fatta i stiftelsens styre er endelig og kan ikkje gjerast om av eit kommunalt organ. En kommunal stiftar kan legga rammer for stiftelsens verksemd ved fastsetting av stiftelsens vedtekter⁷, men dette må skje når vedtektena vert formulert. Det kan vera ein krevjande prosess å endra vedtektena på eit seinare tidspunkt. På grunn av det avgrensa høvet kommunen har for styring og kontroll, bør kommunestyret og kontrollutvalet vera spesielt merksame på bruk av denne organisasjonsforma.

Med mindre kommunen har lagt inn rammer for stiftelsen vedtekter skal stiftelsane ikkje inn i plan for selskapskontroll.

Selskapskontrollens innhald og formål

Kontrollutvalet er pålagt oppgåva med å sjå til at det vert gjennomført selskapskontroller. Dette inneber at kontrollutvalet skal laga plan for selskapskontroller som kommunestyret skal vedta. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å bestilla dei selskapskontrollane som skal gjennomførast iht. den vedtekne planen.

I følgje regelverket består selskapskontrollen av to element: **obligatorisk eigarskapskontroll** og **eventuell forvaltningsrevisjon** i selskapet, som er valfri.

Obligatorisk eigarskapskontroll

Obligatorisk eigarskapskontroll – består i å sjå på korleis kommunens eigarinteresse i selskapet vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyrets vedtak og føresetnader. Kontrollen omfattar alle selskap der kommunen har eit eigarskap. Denne kontrollen går i liten grad på sjølve selskapet, bortsett frå å sjå til at det er rutinar for styrets rapportering til selskapets eigarorgan.

Eigarskapskontrollen omfattar følgjande:

- kontroll ved selskapsetableringa,
- kontroll av at kommunestyret har etablert tydelige føringer for eigarskapa sine,
- kontroll av at kommunen har rutinar for å følgje opp og evaluerer eigarinteressene sine (f. eks. eigarskapsmelding, overordna eigarskapsstrategiar og generelle rutinar),

⁷ NOU 1995:17, kap. 5.4.

- kontroll av at den som tek vare på kommunens eigarinteresse opptrer i samsvar med kommunens vedtak og føresetnader (forvaltninga av kommunens eigarinteresser. Eit element er spørsmål til alle eigarrepresentantane i dei enkelte selskapa kommunen eig)

Kva som er omfatta av eigarskapskontrollen

Følgjande selskap/organisasjonsformar er omfatta av eigarskapskontrollen:

1. Interkommunale selskap etter IKS-lova
2. Aksjeselskap som er heileigd av kommunale aktørar
3. Aksjeselskap (AS/ASA) deleigd av kommunale aktørar
4. Samvirkeføretak
5. Stiftelsar dersom innsyn er vedtatt
6. Interkommunalt samarbeid etter kommunelovens § 27 som er eige rettssubjekt

Formål med eigarskapskontrollen:

Hovudformålet med **eigarskapskontrollen** er å kontrollera om den som tek vare på kommunens eigarinteresser i selskap gjer dette i samsvar med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Dette omfattar:

- Sjå til at kommunen har etablert tydelige føringer for eigarapporta sine. Føringane bør vera skriftlig dokumentert f.eks. gjennom eigarskapsmelding og eventuelt konkrete eigarstrategiar for det enkelte selskap.
- Sjå til at kommunen har etablert rutinar for å føra kontroll med sine eigarinteresser i selskap. Dette gjeld både oppfølging og evaluering av eigarinteressene.
- Sjå til at det er etablert skriftlige rutinar for kommunestyrets oppfølging av kommunens eigarrepresentant, og at desse vert etterlevd. Rutinen bør omfatta drøftingar med eigarrepresentant i forkant av eigarmøte og rapportering til kommunestyret. Kommunen bør også ha etablert rutine for opplæring av eigarrepresentantane
- Sjå til at eigarrepresentanten tek vare på kommunens interesser i selskapet i tråd med kommunestyrets vedtak og føresetnader, nedfelt i ovannemnde dokumentasjon.
- Sjå til at eigarorganet i selskapet har etablert gode rutinar for skriftlig kommunikasjon mellom eigarorgan og styret i selskapet.

Både i IKS- og aksjelovgiving er styret ansvarlig for selskapets forretningsmessige disposisjonar. Selskapskontrollen skal ikkje omfatta kontroll av styres arbeid, men fokusera på korleis eigar opptrer i selskapsorgana (representantskap eller generalforsamling).

Status for Vindafjord kommunes eigarskapsmelding/eigarstrategiar

Vindafjord kommune har utarbeida eigarskapsmelding. Denne og informasjon frå kommuneadministrasjonen er nyttå som grunnlag for delar av denne planen, samt ved utarbeiding av vedlegg med oversikt over kommunens eigarskap i selskap. I planen for førre periode frå 2008 blei desse selskapa prioritert

- Haugaland Kraft AS
- Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS
- Haugalandspakken AS

Det er i bestilling ein forvaltningsrevisjon av Interkommunalt arkiv Rogaland IKS, saman med dei andre eigarkommunane. Ein rapport frå denne revisjonen er venta nå i haust.

Utføring av eigarskapskontrollen/prioritering

Obligatorisk selskapskontroll bør gjennomføres samla for alle selskapa som Vindafjord kommune deltar i. Dette omfattar også selskap der det ikkje er aktuelt å gjennomføra forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontrollen bør gjennomførast minst ei gong i valperioden. I tillegg bør kontrollutvalet følgje med i endringar i eigarskapsmelding og eigarstrategi for det enkelte selskap som kommunen er medeigar i. Dersom det skjer større endringar bør kontrollutvalet vurdera om eigarskapskontrollen må gjerast helt eller delvis på ny. Av budsjettmessige omsyn bør eigarskapskontrollen gjennomførast i løpet av to budsjettår. Kontrollutvalet prioriterer derfor

- **Obligatorisk eigarskapskontroll av Vindafjord kommune vert gjennomført i 2013/2014.**

Forvaltningsrevisjon i selskap

Forvaltningsrevisjon i selskap er eit frivillig tillegg som kontrollutvalet kan velja å legga inn i selskapskontrollen. På same vis som med ordinær forvaltningsrevisjon, skal forvaltningsrevisjon i tilknyting til selskapskontroll bygga på risikoanalyse og vurdering av vesentlighet, og bør om mulig tas inn i plan for forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon i selskapet kan bare gjennomførast dersom kommunen(e) er sikra innsynsrett gjennom KL 80 eller eigen avtale om innsyn som er vedtektsfesta. Dersom innsynsretten ikkje er sikra vil ein forvaltningsrevisjon bare kunne omfatte ei samanstilling av opne kjelder.

Frivillig forvaltningsrevisjon omfattar “*systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, mål- oppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger*” (kontroll av aktiviteten i selskapet).

Forvaltningsrevisjon skal utføres i medhald av kap. 3 i forskrift om revisjon og i høve til god kommunal revisionsskikk. Her inngår bl.a. risiko og vesentlighetsvurderingar som en viktig del.

Forvaltningsrevisjon i selskapa kan bare utførast i selskap der kontrollutvalet har innsynsrett. Dette gjeld i første rekke selskap som er nemnt i KL § 80, som i følgje KRD er uttømmande. Dei selskapa som er nemnt her er interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunale aktørar. I tillegg ligg det nå føre lovforslag om å ta inn § 27-selskap som er eigne rettssubjekt.

I annan rekke kommer selskap som ikkje er nemnt i § 80, der kommunen gjennom vedtektena i selskapet har sikra kontrollutvalet innsyn.

For alle andre selskap vil kontrollutvalet bare kunne gjera forvaltningsrevisjon basert på opne kjelder.

Forvaltningsrevisjonar i selskap bør ideelt sett tas med i plan for forvaltningsrevisjon, men praktiske årsaker kan medføra at dette ikkje er praktisk mulig. Ein viktig grunn til dette er at grunnlaget for å gjera ei vurdering om behov for forvaltningsrevisjon i eit selskap vil normalt koma i kjølvatnet av ein eigarskapskontroll.

Formål med forvaltningsrevisjon i selskap

Formålet med forvaltningsrevisjon i selskap kan vera:

1. Sjå til at selskapet opptrer i samsvar med eigarane s mål og strategiar med selskapet. Herunder at selskapet ikkje startar opp aktivitetar utan at dette er klarert med eigarane, evt. i vedtekten.
2. Sjå til at selskapet driver i tråd med regelverk som gjeld for deira verksemråde, samt generelt regelverk for kommunalsektor i den grad desse er aktuelle for selskapet.
3. Sjå etter om selskapet har nødvendige produktivitet og effektivitet og måloppnåing.

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon i selskap/prioriteringar

Ut frå den praksis som har etablert seg på Haugalandet vil det vera ein av dei største eigarane som vil ta initiativ til bestilling av slike forvaltningsrevisjonar. Vindafjord kommune er ikkje største eigar i nokon av dei aktuelle selskapa.

Når ein av dei største eigarane har gjort bestillinga vil dei andre få tilbod om å vera med på forvaltningsrevisjonen. Dette for at det skal bli lågast mulig kostnad for kommunane og minst mulig belastning for selskapa. Det er derfor ikkje føreslått prioritering av bestemt selskap for forvaltningsrevisjon i planen, men Krisesenter Vest IKS er det selskapet som truleg vil vere med på lista til dei to største eigarkommunane på Haugalandet og kan dermed vere mest aktuell.

Oversikt over Vindafjord kommunes eigarskap i selskap

Selskap der det kan gjennomførast obligatorisk eigarskapskontroll

Kommunaleide aksjeselskap (AS)

Øyane ASVO AS	20 %
Haugalandspakken AS	12,5 %
Odda Vegfinans AS	4 %
Haugaland Kraft AS	6,85 %

Haugaland Kraft AS har følgjande datterselskap (eigardelar i prosent): Haugaland Gass AS (100%), Haugaland Næringspark AS (100%), Mosbakka Kraft AS (50%), Nordsjø Kraft AS (100%), Sunnhordland Kraftlag AS (40,5%), Sør Vest Varme AS (49%), Tysseland Kraftlag AS (40%), Østgass AS (100%).

Haugaland Kraft AS har eigarinteresser i følgjande selskap (eigardel i prosent): Gasnor AS (13,4%), MET-Senter AS (20%), Vekstfondet AS (18,8%), XKH AS (10%), Vestavind Offshore AS (15%), Vestavind Kraft AS (14,3%), Haugaland Kunnskapspark AS (9%).

Interkommunale selskap (IKS)

Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM)	15,3 %
Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS (HKS)	7,46 %
Krisesenteret Vest IKS	5,89 %
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS (IKA)	5,79 %

Interkommunale samarbeid (§ 27 og § 28)

- Friluftsrådet Vest
- Haugaland Arbeidsgiverkontroll IS
- Nord- Rogaland/Sunnhordland IUA (oljevern)
- Interkommunalt utvalg for idrettssektoren
- Haugalandsløftet (spes.ped)
- Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet
- Nord-R (skoleutvikling)
- Haugaland skole og arbeidsliv
- ORK (forum for ordførere og rådmenn)

Andre aksjeselskap

Vindafjord Tomteselskap AS	47,27 %
Landbrukets Hus Vindafjord AS	32,84 %
Grannar AS	6,11 %
Haugalandsmuseene AS	7,0 %
Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS	2,90 %
Haukelivegen AS	2,12 %
Haugaland Industri AS	1,82 %
Opero AS (Sunnhordland Industri AS)	1,6 %
Sunnhordland Bru- og Tunnellselskap AS	0,81 %
Destinasjon Haugesund & Haugalandet AS	0,58 %
Biblioteksentralen AL	0,26 %
Norsk Bane AS	1,0 %

Selskap der det øg kan gjennomførast frivillig forvaltningsrevisjon

Interkommunale selskap (IKS)

Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM)	15,3 %
Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS (HKS)	7,46 %
Krisesenteret Vest IKS	5,89 %
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS (IKA)	5,79 %

Interkommunale samarbeid (§ 27 og § 28)

Friluftsrådet Vest
Haugaland Arbeidsgiverkontroll IS
Nord- Rogaland/Sunnhordland IUA (oljevern)
Interkommunalt utvalg for idrettssektoren
Haugalandsløftet (spes.ped)
Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet
Nord-R (skoleutvikling)
Haugaland skole og arbeidsliv
ORK (forum for ordførere og rådmenn)

Prosjekt for selskapskontroll i planperioden

Kontrollutvalet har vurdert og prioritert dei ulike selskapskontrollprosjekta. Kontrollutvalet vil, ut frå ei risiko- og vesentlegheitsvurdering, velje ut selskap/områder som dei ønskjer å kontrollere undervegs i perioden.

Omfanget av kontrollen vil variere avhengig av storleik og kompleksitet og samarbeid med andre medeigarar.

Valde prosjekt:

- **Kontroll av utvalde selskap** (koordinert med dei andre eigarkommunane):
 - Øyane ASVO AS
 - Krisesenter Vest IKS
- **Eigarskapskontroll av Vindafjord kommune**
 - I kor stor grad har kommunen ein forsvarleg forvalting av eigarskapa?
 - Korleis sikrar kommunen at dei har tilstrekkeleg styring og kontroll med selskap dei har eigardelar i?
 - I kor stor grad har eigarrepresentantane tilstrekkeleg kompetanse?
 - I kor stor grad har kommunen eit tilfredstillande opplæringstilbod for styrerrepresentantane?

Metode for gjennomføring av selskapskontroll

Kontrollutvalet vil i kvart einskild tilfelle avgjere kva metode som skal nyttast i selskapskontrollen innan for dei rammer som følgjer lovgjeving og forskrifter.

Rapportering

Kontrollutvalet vil i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 15 rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomført og resultat av desse.
